

# MØTEBOK – TITTELARK

## FELLESRÅDSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
22.11.2016

---

**Tilstades på møtet:**

- **Medlemer:** Kine Lerøy, Anita Bakke, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn, Sylvelin Strømmen Fonnes, Jusu Gylfan, Arne Lerøy, Bjørn Helge Olsen, Svein Tomas Villanger, Britt Leikvoll Ystebø, Per Børge Hillestad

**Varamedlemer:**

**Andre:**

Kyrkjeverje Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Kommunal representant Anne Dahle Austrheim

**Desse møtte ikkje:**

**Saker til førehaving:**

Fellesrådssaker: F- 30/16 - F 33/16

**Til møtet var medlemer og varamedlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

- F - 30/16      GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING  
Sakslista og innkallinga vart godkjent.
- F- 31/16      GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 20.10.16  
Møtebok frå 20.10.16 vart godkjent utan merknader.
- F - 32/16      FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK:  
  
Vedtak:  
Bjørn Helge Olsen og Anita Bakke
- F - 33/16      ORIENTERINGSSAKER  
a. Orientering om rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2017  
b. Orientering om verneombodsordninga ved kontoret.

# AUSTRHEIM SOKNERÅD

## MØTEBOK – TITTELARK

### SOKNERÅDSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
22.11.16

---

**Tilstades på møtet:**

**Medlemer:**

Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn, Kine Lerøy, Britt Leikvoll Ystebø, Bjørn Helge Olsen, Anita Bakke, Sylvelin Strømmen Fonnes, Jusu Gylfan, Arne Lerøy, Svein Tomas Villanger og sokneprest Per Børge Hillestad.

**Varamedlemer:**

**Andre:**

Kyrkjeverje Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:**

**Saker til førehaving:**

Soknerådsaker: S – 39 – S 46/16

**Til møtet var medlemer og varamedlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S- 39/16 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

S- 40/16 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 20.10.16  
Møteboka frå 20.10 vart godkjent utan merknader.

S- 41/16 ORIENTERINGSSAKER

- a. Orientering frå planleggingmøte med indremisjonen vedk. teltgudstenesta.
- b. Framdrifta av trusopplæringsplanen.
- c. Ovf søknad.  
*Det kom innspel i saka om at ovf-søknaden bør innehalda prosjektet med Gudsrikeleiken og prosjektet med danseinstruktør i ein og same søknaden.*
- d. Tilbakemelding frå samling for friviljuge 9.nov.  
*Soknerådet ønskjer det friviljuge arbeidet som tema på neste møte.*

S- 42/16 VAL AV LEIAR TIL SOKNERÅDET FOR 2017

Val av leiar og nestleiar skjer kvart år innan årsskiftet. Valet skal vera skriftleg (følgjer av § 1.3 i «Regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellelråds virksomhet»).

I arbeidsutvalet er leiarspørsmålet drøfta og *Helge Dyrkolbotn* er spurt om å stilla seg til disposisjon. Dette har han sagt ja til.

Det er mogeleg å koma med framlegg på andre kandidatar i møtet.

**Resultat:**

*Helge Dyrkolbotn* vart vald til leiar for eitt år. Valet var einstemmig.

S – 43/16 VAL AV NESTLEIAR TIL SOKNERÅDET FOR 2017

I arbeidsutvalet er *Anny Bertelsen* spurt om å stilla som nestleiar. Ho har sagt ja til å stilla seg til disposisjon.

Det er mogeleg å koma med framlegg på andre kandidatar i møtet.

**Resultat:**

*Anny Bertelsen* vart vald til nestleiar for eitt år. 10 stemmer for og 1 stemme var blank.

S – 44/16 GUDSTENESTEPLAN FOR 2017

Ifølgje gudstenesteforordninga vil Austrheim få tildelt 30 gudstenester for 2017. Dette er ein auke på 2 gudstenester i forhold til 2016. Inkludert i dei forordna gudstenestene er også 4 kveldsgudstenester/»gudsteneste for alle». AU har i sitt møte foreslått nokre justeringar:

Det er foreslått at det vert gudsteneste i Austrheim kyrkje annankvar søndag. Det er vidare eit forslag at ein prøver å få til ei veksling mellom nattverd på ei gudsteneste i månaden og dåp på den andre. Grunngevinga for dette er eit ønskje om at ein kan ha ein fast variasjon på gudstenestene, der dåpsgudstenestene i større grad kan ha preg av å vera familiegudstenester og ha eit trusopplæringspreg, medan ein i gudstenester med nattverd, kan ha høve til å gå litt djupare og få gudstenester med meir vekt på undervisning. Dette er

tenkt som ein hovudregel. Det er mogeleg å gjera unntak, til dømes i situasjonar der det er stor pågang på dåp.

Vidare er det foreslått at friluftsgudstenesta på Rongevær Kristi Himmelfartsdag går ut og vert i kyrkja istadenfor. Ein har tidlegare hatt samarbeid med speidarane og at det av den grunn har vore naturleg å ha ei utegudsteneste. No er ikkje speidarlaget aktivt lengre og dermed er også noko av konseptet med ei friluftsgudsteneste ikkje tilstades. Det er foreslått at ein som eit alternativ har ein «kyrkjemiddag» etter gudstenesta, til dømes i form av ein barbique utanfor kyrkja.

Arbeidsutvalet har igjen drøfta poenget med at soknepresten i så stor grad som mogeleg skal ha sine gudstenester lokalt og ikkje andre stader. Dette er også formidla til prosten, både skriftleg og munnleg.

#### **Innspel i møtet:**

- *Soknerådet meiner vi bør halda på eldregudstenesta så lenge det er eit behov for dette og eventuelt vurderer å finansiera denne som ei ekstra gudsteneste i tillegg til dei som er forordna.*
- *Soknerådet ønskjer at gudstenestene i større grad skal vera stadeigne.*
- *Soknerådet ønskjer at ei større involvering av dei flyktningane som ønskjer det i gudstenestene.*

#### **Vedtak:**

Austrheim sokneråd godkjenner gudstenesteplanen med det omfang og dei endringar som ligg føre.

S – 45/16

#### **OFFERSØKNADANE**

Det har vore vanleg å laga sak om dette på første møte etter nyttår. Soknerådet vert invitert til ein drøftingsrunde på korleis vi bør gjera det med desse søknadane, kor mange faste ofringar vi bør ha til faste formål og kriteriar på kven som vert innvilga søknader. For 2016 har ofringane fordelt seg slik:

- Kyrkjelydsarbeidet: 6 stk
- Misjonsprosjektet i Mali: 3 stk.
- Eksterne: 8 stk
- Kirkens Nødhjelp: 4 stk
- Lokalt speidararbeid: 1 stk
- 1 friluftsgudsteneste var utan offer, samt 4 gudstenester for alle utan offer.

Tilsaman vert dette 27 gudstenester i 2016.

Av dei 8 eksterne har 2 offer gått til NMS og Sjømannskyrkja. Dei andre fordeler seg på Fjon fjellkyrkje, Bergen søndagsskulekrets, N ordhordland Indremisjon, Raknestunet, Kirkens Bymisjon og Bibelselskapet.

Saka vert lagt fram til drøfting i soknerådet, utan framlegg til vedtak.

#### **Innspel i møtet:**

- *3 ofringar til misjonsprosjekt vert erstatta med ein basar i samarbeid med Kjerringrokken. Kyrkjeofringane går til barne og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden..*

- *1 ofring til det lokale speidararbeidet går til barne og ungdomsarbeidet.*
- *Sak om kyrkjeofringane vert lagt fram i første møte etter årsskiftet.*

S – 46/16

#### MØTEPLAN FØRSTE HALVÅR 2017.

Arbeidsutvalet har kome med framlegg til møtedatoar for første halvår 2017. Dette gjeld både møtene i soknerådet og arbeidsutvalet.

#### **Vedtak:**

Soknerådet:

- Torsdag 9.februar kl 19.00
- Torsdag 16.mars kl 19.00
- Torsdag 27.april kl 19.00
- Torsdag 8.juni kl 19.00

Arbeidsutvalet:

- Torsdag 24.januar kl 08.30
- Tysdag 28.februar kl 08.30
- Tysdag 18.april kl 08.30
- Tysdag 23.mai kl 08.30